

Referat frå ALLEMED-dugnad i Modalen kommune 24.08.23 kl. 17:30 – 20:00

Modalen kommune blei tidleg i 2023 kontakta av ALLEMED om ein uforpliktande samtale om arbeidet deira og eit mogleg samarbeid. Etter samtalene gjekk me i gong med å kartlegge korleis det blir jobba med blant anna frivilligkeitserklæringer. Gjennom dette arbeidet ser me at Modalen kommune gjer mykje godt arbeid for å få born og unge med på fritidsaktivitetar, men at me gjerne ikkje har klart å sette ting i «system». Dette er ein av utfordringane som kjem med det å vere ein liten kommune der det fort blir gjennomsiktig. Me såg fordel av å vere med i prosjektet for å få kartlagt endå meir, og å finne løysingar på dei utfordringane me har i vår kommune.

Steg 1 - "Velkommen og mål"

Ordførar, Kjetil Eikefet, innleia møtet og fortalte om kva økonomiske utfordringar kan ha å seie for deltaking i fritidsaktivitetar. Han gjekk vidare inn på korleis det er i Modalen kommune og kva utfordringar me har. Det blei særleg trekt fram kor vanskeleg det er å vere den som ikkje kan delta i ein så liten kommune. Det vert svært synleg, og kan gjere det ekstra sårt.

Ingibjörg Jónasdóttir presenterte seg sjølv og ALLEMED som verktøy. Fokuset var korleis ein kan bruke verktøyet for å klare å inkludere alle barn og unge i fritidsaktivitetar uavhengig av familiens økonomi og sosiale forhold. Ho viste til måla for dagen:


- Å bli meir medviten på kva som skal til for at Modalen kommune vert endå meir inkluderande
 - Å bli einig om konkrete handlingar me kan gjere åleine og i fellesskap mellom kommune og frivilligheita - for å få ALLE med!

Saman skulle me til slutt svare på: Kva kan me gjere for å få alle med, uavhengig av økonomiske ressursar?

Me tok ein rask runde på kven me er og om me har tatt på oss ein spesiell «hatt» under denne dugnaden.

Steg 2 - "Kva gjer me bra?"

Me jobba i grupper for å trekke fram det som allereie blir gjort bra i kommunen vår i dag. Me har ein rekke tilbod til born og unge, og mange av desse er laga til på ein slik måte at borna kan delta uavhengig av familiens økonomi. Alle gruppene skreiv inn i mentimeteret og me tok ein runde i plenum for å trekke fram det viktigaste til slutt.



Steg 3 - "Kven er me til for?"

Me fekk utdelt ein case kvar som me jobba med i grupper. Dei tok utgangspunkt i eit born som på ein eller anna måte møter på ein barriere som gjer at dei ikkje deltar på ein fritidsaktivitet eller vurderer å slutte på den aktiviteten dei deltek på. Det kan vere økonomiske barrierer, transporttilbod, foreldres kapasitet eller liknande. Til kvar case var det relativt like spørsmål me skulle prøve å svare på:

- Kva ringvirkningar kan det ha for barnet å få delta i en fritidsaktivitet han/ho likar saman med jarnaldrande?
- Korleis oppdagar me at born ikkje deltek på fritidsaktivitet på grunn av familiens økonomi?
- Sett frå bornets perspektiv, kven bør snakke med born om fritidsaktivitetar og moglegheiter for å delta?

Steg 4 - "Vegar inn i fellesskap"

Her kasta me ut alle idear me hadde som forslag til korleis me kan gjere det enklare for born og unge å delta i fritidsaktivitetar uavhengig av familiens økonomi. Det kom fram idéar som til dømes:

- BUA - utstyrssentral
- Lørdaystreff i Bryggjeslottet
- Fritidsmesse/open dag
- Aktivitetsoversikt/kalender
- Samarbeid med andre organisasjonar/kommunar om tilbod me ser at me ikkje klarar å lage til/drifte sjølv.
- Enkeltarrangement for born og ungdom slik at dei kan få prøve nye aktivitetar og gjere noko sosialt saman.
- Aktivitetskort/fritidskort
- Foreldrebus (lån av kommunebilen for å kjøre og hente ungdommar på aktivitet)
- Kartlegge kva me har av fritidstilbod og kva born og ungdom ynskjer.



Per
10 år

Per sin mamma er ufør, og er mye syk. Far jobber slittarbet. Hans yngre syster kniver mye oppmerksamhet. Familien har trang økonomi, og lite nettverk rundt seg.

Efter skoletid forsvinner Per inn på rommet foran PC-skjermen. Han har lite erfaring med fritidsaktivitetar, men henger med klasskamerater over nett hvor de spiller sammen.

INTERESSESE: DATAPILL, PROGRAMDRAUS



Sandra
11 år

Sandra ønsker håndball. Nå skal laget delta i minicup, og medlems- og treningsavgifta har gått opp. Sandra vet at foreldrene ikke har råd til å betale. I stedet for å fortelle det til noen, vurderer hun heller å slitte.

Treneren har siktat at familien har dårlig råd, men klubben har like mulighet til å dekke Sandras deltagelse.

INTERESSESE: HÅNDBALL



Oscar
8 år

Familien til Oscar mottar sosialstøtte, og saksbehandler har ordnet med støtte til å dekke en fritidsaktivitet for Oscar.

De voksne er enig om at Oscar skal gå på orientering, fordi det er billig. Oscar selv har all tapingen og drenner om å spille gitarr. Han vet at foreldrene har lite penger, og er redd for å si at han ikke trives.

INTERESSESE: MUSIKK, ØVELSE, TILBE

:Padlet

ALLEMED • mindre enn et minutt

Våre første steg i Modalen kommune

Løsninger og idear for hvordan ALLE barn og unge kan delta i fritidsaktivitetar i Modalen kommune, uavhengig av familiens økonomi og andre barrierer

Lørdaystreff

- Hadde dette tidligere
- Lavterskiltibud åpent for alle Bryggjeslottet

Tidsplan/neste møte:
Hjem tar ansvar:

Fritidsmesse

Tidsplan/neste møte:
Hjem tar ansvar:

Aktivitetsoversikt/kalender

Knytte den opp mot Snapchat gruppe?
Tidsplan/neste møte:
Hjem tar ansvar:

BUA

- Få den opp
- Samarbeid mellom kommune og frivillige lag.
- Finne lokale, driftsmodell som funkar/er bærekraftig.
- Utforske muligheten for ung i jobb i denne sammenhengen.

Tidsplan/neste møte:
Hjem tar ansvar: Kristin

Samarbeid med andre organisasjoner og kommuner

Kan vi samarbeide med andre om aktivitetar som ikke vi har mange nok deltakere til her.

Tidsplan/neste møte:
Hjem tar ansvar:

Enkeltarrangementer

- En måte til å erstatte et bredd tilbod (fritidstilbod) -
- Rullerende innhold/aktivitetar
- Lavterskel

Tidsplan/neste møte:
Hjem tar ansvar:
Ungdområdet

Aktivitetskort/Fritidskort

Tidsplan/neste møte:
Hjem tar ansvar:

Foreldrebus!

Bruktes av flere føresatte elelr frivillige i fritidssammenheng!

Tidsplan/neste møte:
Hjem tar ansvar:

Kartlegge ønsker ift. fritidstilbod på Fritidsmesse

Tidsplan/neste møte:
Hjem tar ansvar: Eva og Gro Henny

Steg 5 - "Våre konkrete idéar"

Idé 1: BUA

Kort skildring av idéen: Me ynskjer å opprette ein utstyrssentral i Modalen der ein kan gå å låne sportsutstyr gratis.

Kva er det aller første skrittet (tlf, mail, samtale) som kan hjelpe ideen i gong? Modalen kommune er allereie i gong med ei kartlegging av ein slikt prosjekt. Dei har vore på synfaring på BUA Vaksdal og ser vidare på kva som skal til for å klare å få til noko liknande i Modalen. Viktigaste punktet i første omgang er å finne eit egna lokale.

Kven tar ansvaret? Modalen kommune arbeidar vidare med prosjektet. Kristin Nåmdal ynskjer å vere med i prosessen vidare. Her vil nok frivilligheita bli involvert på eit tidspunkt, spesielt i forhold til å finne ein passande driftsmodell.

Idé 2: Kartlegging og «fritidsmesse/open dag»

Kort skildring av idéen: Kartlegging av og ei felles oversikt over kva tilbod som finst i Modalen kommune. Me har oversikt over kva som skjer i td. Bryggjeslottet, men det er mange andre tilbod i kommunen også. Dette kan presenterast på ei fritidsmesse i Bryggjeslottet der dei ulike aktørane viser fram sitt tilbod. Me ser for oss at tidleg haust er eit passande tidspunkt å ha ei slik messe og at den gjerne kan vere årleg.

Kva er det aller første skrittet (tlf, mail, samtale) som kan hjelpe ideen i gong? Kommunen byrjar med å sjå kva oversikt me har per i dag og prøve å samle inn informasjon om dei tilboda som er. Kommune og frivillighet planlegg fritidsmessa saman.

Kven tar ansvaret? Eva Stamnes/Kent Amundsen og Gro Henny Mo

Idé 3: Ulike enkeltarrangement

Kort skildring av idéen: Me ser at det er vanskeleg å tilby ulike idrettar på fast basis, då det er for få born og ungdom til å klare å gjere det til eit fullverdig tilbod. Me vil difor prioritere å lage til enkeltarrangement som born og unge kan delta på, der dei får prøvd ulike aktivitetar og gjort noko sosialt saman. Fint med ein miks av arrangement i Modalen og arrangement utafor Modalen. Gjerne samarbeid med barne/ungdomsgrupper andre stader. Det skal vere eit lavterskelttilbod- altså svært billig eller helst gratis.

Kva er det aller første skrittet (tlf, mail, samtale) som kan hjelpe ideen i gong? Det vert tatt opp som ei sak i ungdomsrådet 21. september. Dei får ansvar for å kartlegge kva ungdommane kunne tenke seg av aktivitetar osv. Ansvaret vil deretter bli delegert vidare til andre, td. idrettslaget/FAU/kommunen.

Kven tar ansvaret? Ungdomsrådet

Deltakarliste

Namn, stillingstittel/arbeidsstad	E-post
Ingibjörg Jónasdóttir, ALLEMED	ingibjorg@allemed.no
Siren B. Øvre-Helland, arrangør kommune	siren.ovrehelland@modalen.kommune.no
Eva Stammes, arrangør kommune	eva.stammes@modalen.kommune.no
Kjetil Eikefet, ordførar	kjetil.eikefet@modalen.kommune.no
Marit Kristine Nygard Nese, politikar	maritnese@hotmail.no
Gro Henny Mo, vellag	grohmo@hotmail.com
Jorunn Brekkhus, psykisk helse	jorunn.harvik.brekhus@modalen.kommune.no
Signy Vikane, kvinne- og familielag	Signy.vikane@gmail.com
Liv-Anne Aanesen, iModalen	aktiv.i.modalen@gmail.com
Lars Bjarte Nesheim, kyrkjekontor	kyrkjekontoret@modalen.kommune.no
Trude Langedal, idrettslag	trudelangedal@gmail.com
Monica Skjelanger Reknes, næringsliv	post@modalenpensjonat.no
Kristin Nåmdal, politikar	kristin.namdal@alver.kommune.no
Pernille Trohaug Våge, ungdomsråd	ptv@hotmail.no
Olai Nygard Nese, ungdomsråd	Messenger
Joakim Brügger Brekkhus	Messenger